

Protokoll
Regionrådet Nordhordland – fredag 3. november

Møte: 4-2023
Tid: Fredag 3. november 10:00 - 14:30
Stad: FjordSlottet hotell, Fotlandsvåg

Til stades:

Ordfører:	Sara Sekkingstad (Alver), Morten Sognnes (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), May-Lynn Osland (Gulen), Geir Egil Haugsvær (varaordfører Masfjorden), Linda Neset (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal) Avtroppande: Karstein Totland (Masfjorden), Per Lerøy (Austrheim), Hallvard Oppedal (Gulen), Kjetil Eikefet (Modalen).
Kommunedirektørar:	Martin Kulild (Alver), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Berit Rystad (Fedje), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy), Atle Fasteland (Vaksdal)
Adm:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Atle Kvamme
Forfall:	Erlend Kvamsdal (Masfjorden), Reidun Halland (Gulen), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen)

Sak 28/23	Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Karstein Totland ønske som avtroppande Regionrådsleiar velkommen til møtet. Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 29/23	Godkjenning protokoll møte 3-2023 Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå møte 3-2023 vart godkjent utan merknadar.
Sak 30/23	Presentasjonsrunde Presentasjonsrunde vart gjennomført kvelden i forvegen.
Sak 31/23	Eit tilbakeblikk - kva har Regionrådet og Region Nordhordland IKS jobba med i perioden 2019 -2023? Rune Heradstveit gjekk kort gjennom saker og prosjekt som har vore jobba med i perioden 2019 - 2023. Presentasjon vedlagt. Dei største og viktigaste er: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Fullføringa av prosjekt Region Nordhordland Helsehus. Det var eit mål om at dette skulle bli eit fyrtårn innan helse, oppvekst og andre aktivitetar i Region Nordhordland. Det målet er nådd. ▪ Vidareføringa av Nordhordland Unesco Biosfære med ulike prosjekt. I dag vert ein ny film lansert; Nordhordland Unesco Biosfære - YouTube

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeidet med Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Ein krevjande plan og prosess for 8 kommunar som i desse dagar går til kommunestyrehandsaming, og der regionen og kommunane får skryt frå styresmakter og sjømatbransjen for gjennomføringa. ▪ Satsinga innan helse og fag- og tenesteutvikling i – og omkring Region Nordhordland Helsehus, og dei mange prosjekta som no pågår her. ▪ Arbeidet med E39 Vågsbotn – Klauvaneset. ▪ Arbeidet med NTP- og RTP-uttalar, og andre samferdsleprosjekt som t.d. K5 og ferja Valestrand-Breistein. ▪ Arbeidet med næringsutvikling og auka behov for kraft i Nordhordland. ▪ Diverse høyringar. ▪ Sekretariat for kontrollutval i kommunane. ▪ Den store satsinga i kommunane på digitalisering og innovasjon i tenestene som samhandlingsløysing365, felles anskaffing og implementering av løysingar og tenester. ▪ Innovasjonsprosjekt innan Internkontroll og informasjonssikkerheit. Etablering og innføring av ny sikkerheitsorganisasjon i kommunane. <p>Samrøystes vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 32/23	<p>Val av leiar og nestleiar til Regionrådet 2024-2027</p> <p>I fylgje vedtektene består Regionrådet i Nordhordland av ordførarane i medlemskommunane med varaordførarane som varamedlemmer. Regionrådet Nordhordland vel leiar og nestleiar i første møte i ny kommunestyreperiode. Vala gjeld for heile kommunestyreperioden.</p> <p>Valnemnda består av Hallvard Oppedal, Per Lerøy og Kjetil Eikefet. Valnemnda sitt framlegg til leiar og nestleiar i Regionrådet for perioden november 2023 til november 2027 (første møte etter ny kommunestyreperiode) er Lars Fjeldstad som leiar og May-Lynn Osland som nestleiar. Som godtgjersle føreslår valnemnda 4% av stortingsløn til leiar, og 1% av stortingsløn som nestleiar.</p> <p>Samrøystes vedtak: Regionrådet vel Lars Fjeldstad som leiar og May-Lynn Osland til nestleiar i Regionrådet i Nordhordland for perioden november 2019 til november 2023. Godtgjersle vert sett til 4% av stortingsløn til leiar, og 1% av stortingsløn til nestleiar.</p>
Sak 33/23	<p>E39 Vågsbotn – Klauvaneset</p> <p>Atle Kvamme orienterte om siste utvikling når det gjeld E39 Vågsbotn – Klauvaneset.</p> <p>Oppstart reguleringsplan er i 2023, og Bergen kommune melder at denne prosessen tar 3 år. Prosjektet har låge inne med prioritering i NTP 2025-36, og det beste ein kunne håpa er oppstart i 2027. Prosjektet er fullfinansiert i tolvårsperioden i ramme 3, og inngår ikkje i første seksårsperiode i ramme 1 og 2.</p> <p>Men no er prosjektet heilt ute av forslaget til NTP igjen, og ikkje inne før etter 2035. Dette skuldast bl.a. at ein veg i Lofoten og ein dyr kulvert i Stavanger kom inn i samband med valløfte i haust. Derfor finn ikkje Statens vegvesen(SVV) rom for E39 Vågsbotn – Klauvaneset i neste periode. Prosjektet er falt frå ein 12 plass til 17. plass, og er då ute til etter 2035.</p> <p>Ringveg Øst nordre del (Nordhordlandstunnelen) er omtalt i Bypakke Bergen (prop. 11 S – 1017-2018) med 1,5 mrd. i bompengar. Desse midlane er truleg brukt på andre tiltak i Bergen (bybane og sykkelveggar), noko som er mogleg i porteføljestyringa i bypakken dersom eit av prosjekta i pakken blir dyrare.</p> <p>Det positive er imidlertid at Statens vegvesen er i gang med prosjektet og har rigga ein organisasjon med prosjektleiar, og Bergen kommune har oppnemnt ein ansvarleg planleggjar.</p>

SVV og Bergen kommune skal ha første fellesmøte 13. november, og målet er framleis å ha ein godkjent reguleringsplan klar til 2027. Deretter vil det ta 6 månadar med å gjennomføra ein KS2-rapport. Det må jobbast for å få offentlege midlar på plass til 2027, men det kan bli utfordrande. Det er utbyggingsdirektør i SVV, Kjell Inge Davik, som bestemmer korleis midlar internt skal fordelast.

Ulike aktivetar som må jobbast med framover:

- Få eit snarleg møte med byrådet i Bergen
- Atle Kvamme har avtalt eit møte med utbyggingsdirektør Kjell Inge Davik om ulike tiltak 6. desember
- Dersom ein ikkje kjem vidare med Statens vegvesen, kan eit alternativ vera å høyra om prosjektet kan vera aktuelt for «Nye Veier», men ein kan ikkje satsa på to «hestar»
- Møte med Hordalandsbenken 9. januar
- Møte med aktørar frå transportkomiteen på Stortinget (Kvamme har hatt møte allereie enkeltvis med Sigbjørn Gjelsvik, Liv Kari Eskeland og Marte Mjøs Persen)
- Lage ein ny kronikk som viser til statsbudsjettet som snart skal vedtakast. «Nordhordland vert svikta igjen»)
- Det vert planlagt ein Ringveg Øst-konferanse 20. februar, evt. etter påske.
- Skriva eit nytt NTP-brev

Atle Kvamme og Rune Heradstveit kjem tilbake med forslag til politisk deltaking på dei ulike aktivitetane, men i utgangspunktet er regionrådsleiar Lars Fjeldstad og ordførar Sara Sekkingstad i Alver med på dei ulike aktivitetane.

K5:

Når det gjeld K5, så er KS2-rapporten klar. Prosjektet bør gjennomførast slik det ligg i saka i dag. KS2-rapporten viser at prosjektet vert 2- 3 mrd. kr dyrare, totalt om lag 30 mrd. kr. Alle partia ser dette prosjektet som bunde no, og det betyr oppstart innan eit år. Dersom ikkje oppstarten skjer innan denne tida, vert det krav om ny KS2 rapport.

Samrøystes vedtak:

Regionrådet er tydeleg på at E39 Vågsbotn-Klauvaneset må inn igjen i NTP 2025-2033, og at det vert forventa byggstart for denne strekinga i 2027. Administrasjonen og Atle Kvamme jobbar vidare med tiltak.

Regionrådet støttar at K5 no må gjennomførast slik prosjektet ligg i saka i dag.

Sak 34/23

Nordhordland legevakt - legevaktavtale

Saka har vore gjennom fleire møte i Kommunedirektørutvalet siste året. Ørjan Raknes Forthun orienterte om saka. Presentasjon vedlagt.

Nordhordland legevakt (NLV) er eit administrativt vertskommunesamarbeid kml §20-2, og Alver er vertskommune for legevakta. Legevakt er ei lovpålagt oppgåve og avtalane må visa til lovverket. Vertskommunen overtar ansvaret for dei lovpålagte tenestene. Når det gjeld rapportering, så rapporterer leiar legevakt til kommunedirektør i vertskommune.

Kommunedirektør i vertskommunen rapporterer til kommunedirektørane i dei kommunane som er med i samarbeidet i minimum tre årlege møter. Vertskommunen orienterar ordførarane i samarbeidet ein gong i året i samband med møte i regionrådet. Innhaldet i orienteringa vert avtalt mellom leiar i Regionrådet og kommunedirektør Alver kommune.

Kommunedirektøren i Alver sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i x kommune vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

	<p>Vedtak i kommunedirektørutvalet 5-2023, 29. september: Kommunedirektørutvalet gir framlegg om følgjande vedtak i Regionrådet: Regionrådet tilrår at x. kommune vedtar «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.</p> <p>Samrøystes vedtak: Regionrådet tilrår at x. kommune vedtar «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.</p>
Sak 35/23	<p>Informasjonsskilt til Nordhordland Unesco Biosfære Rune Heradstveit orienterte om informasjonsskilt til Nordhordland Unesco Biosfære iht. saksdokument. Det er arbeida fram forslag til informasjonsskilt om Nordhordland UNESCO Biosfæreområde som skal plasserast i dei ulike kommunane som eig statusen; Alver, Austrheim, Gulen, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.</p> <p>Skiltet vil ha ein tydeleg profil frå kvar kommune, med bilete, kommunevåpen og ein lokal tekst frå kommunen. I tillegg ein generell informasjonstekst om biosfæreområdet og kart over området. Det vert utarbeidd eit utkast til lokal tekst og bilete frå kommunen, skiltet vert så endeleg utforma i samarbeid med kommunen. I utforminga er det lagt vekt på universell utforming med tanke på lesbarheit og at skiltet skal kunne ha lang levetid – det vil seia at informasjonen som er gitt på skiltet er generell og ikkje treng oppdatering.</p> <p>Saka har vore handsama i Biosfærerådet. Det er ynskjeleg med eit vedtak i regionrådet for å forankra prosessen før ein går vidare med forenkla priskonkurranse.</p> <p>Samrøystes vedtak: Regionrådet ber om at kvar kommune kjøper inn minimum eitt stk. informasjonsskilt og eitt stk. veggskilt om Nordhordland Unesco Biosfæreområde, slik som skildra i saksutgreiinga. Kvar enkelt vurderer om det er behov for informasjon til formannskap / kommunestyre i denne samanheng.</p>
Sak 36/23	<p>Gjennomgang av ulike samarbeid der det skal oppnemnst medlemmer Rune Heradstveit gjekk kort gjennom ulike råd / samarbeid der det skal oppnemnst medlemmer frå Regionrådet. Val vert gjennomført i neste møte bortsett frå i fagleg råd til Nordhordland Unesco Biosfære som vert tatt i sak 37/23.</p> <p>Det vil også vera aktuelt å setja ned arbeidsgrupper / utval som jobbar med viktige saker som t.d. E39 Vågsbotn – Klauvaneset og kraftforsyning til Mongstad / Fensfjordområdet. Slike arbeidsgrupper skal gjerne setjast saman av både politikarar og nøkkelpersonar frå administrasjon med spesiell kompetanse / ansvar, og evt. frå andre organisasjonar som t.d. Nordhordland Næringslag og Invest in Bergen. Administrasjonen vil koma tilbake med forslag.</p> <p>Samrøystes vedtak: Orientering vert tatt til vitande.</p>
Sak 37/23	<p>Val av medlem til Fagleg råd Nordhordland Unesco Biosfære Regionrådet vedtok i møte 2-2021 denne samansetninga av Biosfærerådet: Tre ordførarar og ein kommunedirektør frå eigarkommunane, dagleg leiar (Nordhordland Næringslag, Universitetet i Bergen ved UNESCO Chair, representant frå landbruk/ skogbruk i kommunane, organisasjon og lag ved Nordhordland turlag, Statsforvaltaren i Vestland; Vestland fylkeskommune og dagleg leiar Region Nordhordland IKS. Frå eigarkommunane vart desse personane valt; ordførarane Sara Sekkingstad, Hallvard Oppedal og Per Lerøy og kommunedirektør Atle Fasteland.</p> <p>Då ein no går inn i ein ny regionrådsperiode, er det naturleg å velja nye medlem for denne regionrådsperioden.</p>

	<p>Fire ordførarar meldte sin interesse, og sidan regionrådet sjølv bestemmer kor mange som sit i fagleg råd, er det ingen problem at ein utvidar frå tre til fire ordførarar.</p> <p>Samrøystes vedtak: Ordførarane Sara Sekkingstad, Stian Herøy, Morten Sognnes og May-Lynn Osland og kommunedirektør Atle Fasteland vart valt til medlemmer i biosfærerådet for denne regionrådsperioden.</p>
Sak 38/23	<p>Orienteringssaker</p> <p>Psykologprosjektet (Kompis) Rune Heradstveit orienterte kort om bakgrunn for prosjektet og kva som er levert av prosjektrapport tidlegare. Kommunalsjefsgruppa ønskjer no å ta prosjektet vidare, og har bedt om at det vert forankra i kommunedirektørutvalet og i Regionrådet.</p> <p>Vedtak i Kommunedirektørutvalet: Kommunedirektørutvalet i Region Nordhordland sluttar seg til at KOMPIS-prosjektet vert vidareført gjennom to løp, og støttar at det vert søkt om midlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen, slik det er skissert i saka. Kommunedirektørutvalet ber om at saka vert lagt fram til handsaming i Regionrådet før den vert sendt.</p> <p>Samrøystes vedtak: Regionrådet Region Nordhordland sluttar seg til at KOMPIS-prosjektet vert vidareført gjennom to løp, og støttar at det vert søkt om midlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen, slik det er skissert i saka.</p> <p>Prosjekt med Husbanken, «Regionalt samarbeid om startlån» Prosjektet er etter søknad tildelt kr 670 000,- frå Husbanken for å greia ut om regionen kan samarbeida om sakshandsaming av søknadar om startlån, med mål om at fleire innbyggjarar i Nordhordland kan nytta seg av ordninga med startlån.</p> <p>Føremålet med prosjektet er å få utgreidd om det er grunnlag for eit samarbeid om søknadar om startlån, og korleis dette i så fall juridisk kan la seg løysa. Ynsket er å sjå om nye samarbeidsformer og verkemiddel kan bidra til å auke tilgang til eigna bustader for både barnefamiliar og eldre i regionen.</p> <p>Tilskotet skal nyttast til å kjøpa inn kompetanse som kan gjennomføra den naudsynte utgreiinga som må til for å finna ut om det er grunnlag for, og mogleg, å samordna sakshandsaming av startlån for fleire kommunar.</p> <p>Jobben med utgreiing har nyleg vore ute på anbod, og By- og regionforskningsinstituttet NIBR ved OsloMet - Storbyuniversitetet, vann konkurransen.</p> <p>Oppstart kommande «Skulebruksplan» - førebuing i Nordhordland Rune Heradstveit orienterte kort om at ein i regionen er byrja å førebu innspel til kommande rullering av «skulebruksplan» i Vestland fylke. I første omgang ser ein på korleis arbeidet kan organiserast. Administrasjonen tar sikte på å koma med ei sak i neste regionrådsmøte.</p> <p>Endringar i Kommunelova og IKS-lova Rune Heradstveit gjorde kort greie for nokre endringar i kommunelova som får konsekvensar for interkommunale selskap som Region Nordhordland IKS. Administrasjonen vil følgja opp dette.</p> <p>Søknadar projektskjøn Statsforvaltar for 2024 Det er sendt inn fire søknadar frå samarbeidskommunane om skjønsmidlar for 2024. Dette er innanfor biosfære, helse, opplæring og plansamarbeid.</p>

	<p>Partnerskapsmøte helsefellesskapet 15. februar 2024 Partnerskapsmøte for helsefellesskapet innan Helse Bergen-området er 15. februar. Målgruppa er ordførarar og kommunedirektørar i tillegg til leiarar innan spesialisthelsetenesta.</p>
	<p>One Ocean Week 2024 One Ocean Week skal vera i perioden 13.-19. april 2024. Regionrådet ønskjer å delta med eit arrangement i tillegg til å vurdera deltaking på ulike arrangement. Administrasjonen jobbar vidare med dette.</p> <p>https://www.oneoceanweek.com/</p>
Sak 39/23	<p>Eventuelt Ingen saker.</p>

Knarvik, 3. november 2023



Lars Fjeldstad
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

Sak 31/23: Presentasjon - Regionrådet og Region Nordhordland IKS – perioden 2019 – 2023

Sak 33/23. Presentasjon - E39 Vågsbotn – Klauvaneset – Atle Kvamme

Sak 34-23. Presentasjon Nordhordland legevakt

Sak 38/23: Presentasjon - orienteringssaker